

Frå: Anne Lise Molvik
Send: onsdag 5. oktober 2022 10:57
Til: Mette Kyed Thorson
Emne: Om tiltak på gbnr 106/100 Fanebust

Hei Mette Kyed Thorson

Eg viser til telefonsamtale med deg 3. oktober om søknad om tiltak på eigedomen gbnr 106/100.

Søknaden er no send på høyring med uttalefrist på 4 veker. Høyringsbrevet omhandlar berre tilbygg og påbygg (heving av tak). Vi har ikkje tatt stilling til deponering av massar frå sprenging slik vist på situasjonsplanen. Søknaden gjev ikkje tilstrekkeleg opplysningar om deponeringa, tiltaket vil også kunne krevja dispensasjon. Det er vår vurdering at deponering av overskotsmassar som utgangspunkt må fraktast ut av området.

Slik nemnd i telefonsamtale ser vi etter ny gjennomgang av søknaden at det vil vera nødvendig med naboerklæring frå gbnr 106/58 også dersom avstand mellom tiltak og nabogrense er mindre enn 4 meter. Avstand må oppjevast. Søkjar innhentar erklæring dersom nødvendig.

Vi har elles lagt til grunn at bygget ikkje skal ha innlagt vatn slik det er skildra i søknaden, og at det skal nyttast forbrenningstoalett, dvs. utsleppsfri toalettløysing. Vi vil likevel nemna at når vi ser på teikningane av nytt tiltak kan det sjå ut som om det skal etablerast takvasstank i kjellar og at det i tillegg til forbrenningstoalett skal etablerast urinal, vask og dusj.

Utgangspunktet i lovverket er at alle avløpsutslepp krev løyve, men dersom fritidsbustaden ikkje har innlagt vatn, og det er installert toalettløysing som ikkje har utslepp av avløpsvatn vil utsleppsløyve ikkje vera nødvendig. Innlagt vatn vil seia vatn frå vassverk, brønn, cisterneanlegg eller liknande, som vert ført inn i bygget gjennom rør eller leidning. Dette gjeld også hageslangar og regnvatn som vert leia gjennom takrenne og inn i bygningen, når desse vert brukt til aktiv oppfylling av innvendig tank. Innvendig og fast montert tank på inntil 25 liter kjem ikkje inn under begrepet innlagt vatn.

Ber om tilbakemelding innan 29.10.2022.

Vennleg helsing

Anne Lise Molvik | Rådgjevar byggesak

Telefon: 56 37 56 40

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE